

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Cecilie Solli	Arkiv:	K2-L12, PLANID-2022002173, GBNR-87/183
Arkivsaksnr:	22/2173 24/8945		

Offenlig høyring for Detaljreguleringsplan Djupvika pumpestasjon

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	14.05.2024	022/24

Kommunedirektøren sin innstilling:

Plan- og miljøutvalet vedtek i medhald av plan og bygningsloven §12-10 å legge planforslag for detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg, datert 18.03.24, ut til første gangs høyring og offentlig ettersyn i seks veker. PlanID er 2022002173.

14.05.2024 Plan- og miljøutvalet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

- PM022/24 **Vedtak:**

Plan- og miljøutvalet vedtek i medhald av plan og bygningsloven §12-10 å legge planforslag for detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg, datert 18.03.24, ut til første gangs høyring og offentlig ettersyn i seks veker. PlanID er 2022002173.

Bakgrunn for saka:

Sula kommune har har utarbeidd forslag til detaljregulering for Djupvika avløpsrenseanlegg. Planforslaget er utarbeidd av Asplan Viak AS som plankonsulent på vegne av Sula kommune. Bakgrunn for detaljreguleringsplan, prosessen og

grunngeving for val som er tatt kjem fram av plankart, føresegner og planomtalen. Mottekne merknader er lagt ved saka i eige dokument.

Plan- og miljøutvalet vedtek i medhald av plan og bygningsloven §12-10 å legge planforslag for detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg, datert 18.03.24, ut til første gangs høyring og offentleg ettersyn.

Plangrense inklusive justert plangrense er gjort kjent gjennom tidelegare offentlege varslingar.

Saksopplysninger:

Forslag til detaljreguleringsplan er utarbeidd fordi Sula kommune sine eksisterande reinseanlegg ikkje stetter dagens krav til reinsing i forureiningsforskrifta.

Formålet med reguleringsplanen er å etablere ny pumpestasjon i Djupvika, for overføring av avløpsvatn til reinseanlegget på Kongshaugen. Foreslått formål i denne planen for ny pumpestasjon er avløpsanlegg. Det vert lagt til rette for tilkomstveg, snuplass og landtak for sjøleidningar. Eksisterande reinseanlegg skal bli avvikla, men bygningsmassen blir ståande ettersom bygget også inneheld vassleidning.


Det har vore gjort ei vurdering av om planarbeidet er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar. Tiltaket kjem ikkje inn under § 6, planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast.

Plassering av Djupvika avløpsreanseanlegg og planforslag er vist på bilda under. Bilete under er henta frå Google Eart og viser korleis området ser ut per d.d.



Figur 8 Eksisterende reinseanlegg markert med rød ring. Kjelde: Google Earth


Kartet under viser utsnitt av Sula kommuneplan sin arealdel for området og tilgrensande område for detaljreguleringsplan Djupvika avløpsrensseanlegg. Eksakt planområdet vert vist på dei to neste bileta med justert plangrense og forslag til reguleringsplankart som vert lagt fram for offentlig ettersyn.




Varsel om justert plangrense, Detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg

Sula kommune varslar med dette om justert plangrense i forbindelse med detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg.

I februar 2023 varsla Sula kommune oppstart av detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg i Sula kommune, med heimel i plan- og bygningslovens §§ 12-8 og 12-9. No varslast det om justering av plangrensa. Plangrensa er justert austover langs Tingstadvika. Illustrasjonen under viser korleis plangrensa er justert.



Forslag til plankart for offentlig ettersyn detaljreguleringsplan for Djupvika avløpsanlegg er lagt inn i saksframlegget i tillegg til vedlegg i saka.



Det har vært gjennomført møter med fleire grunneigar i planområdet. I desember 2023 vart det utført synfaring saman med nabo på gbnr. 87/97.

Forslag til plasseringa av pumpestasjonen er gjort i samråd med grunneier for å ta omsyn til framtidig utvikling av bustadar i området i tråd med overordna plan, samt omsyn til kulturminnet. Dette er gjort greie for i planomtalen og svart ut i merknadsoppsummeringen.

Planomtalen gjer greie for dagens situasjon og for planforslaget som vert lagt fram til vedtak. Planomtalen er vedlagt saksframlegget. i planomtalen kap.6 vert det gjort greie for planlagt arealbruk, reguleringsformål, plassering og utforming, parkering, trafikale løysingar, infrastruktur, kulturminne, universell utforming, friområder, landbruk, miljø og kva som er foreslått sett som rekkefølgekrav i føresegnene til detaljplanen for Djupvika avløpsreanseanlegg.

Økonomiske konsekvensar:

Gjennomføring av nytt avløpsreanseanlegg som regulert.

Vurdering:

Planprosessen med varsling av plangrensa har gitt grunnlag for plassering av avløpsreanseanlegg og adkomst til anlegget. Plankart, planomtale og føresegner vil

legge juridiske føringar for avløsrenseanlegget slik at det blir føreseileg for Sula kommune som anleggseigar, naboer og brukarar av veggen til anlegget.

Saka er forsvarleg utgreidd, og vi rår til at detaljregulering for Djupvika avløsrenseanlegg blir lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker.